

Arkiv: <arkivID><jplD>
Plannavn-
Kommuneplanen sin
samfunnsdel, Komnr-
4631, FA-L1

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 26.08.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
076/21	Alver formannskap	02.09.2021

Kommuneplanen sin samfunnsdel – høyring og offentleg ettersyn
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Med heimel i plan- og bygningslova § 11-14 vedtar Alver kommune å sende forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel 2021 – 2033 ut på høyring og offentleg ettersyn.
- Høyringsperiode er sett til sju veker

Alver formannskap 02.09.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Sp, AP, KrF og H ved T.Larsen-H:

Formannskapet ser behov for ytterlegare arbeid, presiseringer og tydeliggjøring i samfunnsplanen og vil difor ikkje leggja dokumentet på høyring og offentleg ettersyn på noverande tidspunkt. Formannskapet ber om eit nytt styringsgruppemøte for samfunnsplanen innan utgangen av september, der styringsgruppa får høve til å leggja inn bestillingar og forventningar som må arbeidast inn i planen før denne blir lagd ut på høyring.

Framlegget vart samrøystes vedeke.

Rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster og fall

FO- 076/21 Vedtak:

Formannskapet ser behov for ytterlegare arbeid, presiseringer og tydeliggjøring i samfunnsplanen og vil difor ikkje leggja dokumentet på høyring og offentleg ettersyn på noverande tidspunkt. Formannskapet ber om eit nytt styringsgruppemøte for samfunnsplanen innan utgangen av september, der styringsgruppa får høve til å leggja inn bestillingar og forventningar som må arbeidast inn i planen før denne blir lagd ut på høyring.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet

Kva saka gjeld:

- I denne saka skal formannskapet vurdere framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel og leggje den ut på høyring og offentleg ettersyn

Saksutgreiing

Bakgrunn og fakta

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel og ein arealdel. Kommuneplanen

skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Medan samfunnsdelen seier kva hovudutfordringar kommunen har og kva vi ønskjer å satse på, visar arealdelen korleis vi skal bruke kommunen – kva aktivitet vi skal leggje til rette for kor. Samfunnsdelen legg føringar for arealdelen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er den øvste planen i det kommunale planhierarkiet og er heimla i §11-2 i plan- og bygningslova. I kommuneplanen sin samfunnsdel skal kommunen ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.

Samfunnsdelen ser langt fram og visar korleis politikarar og tilsette i Alver kommune kan løyse kommunen sine utfordringar ilag med innbyggjarar, næringsliv, nabokommunar og andre regionale og statlege aktørar. Planen teiknar det store biletet, og blir følgt opp av detaljar i kommunedelplanar, temaplanar og handlingsplanar.

Samfunnsdelen er eit overordna styringsdokumentet, og angår alle som bur, jobbar og lever i Alver. Ettersom Alver kommune blei etablert 01.01.2020, er dette den første utgåva av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Planprosess

Planprogrammet til kommuneplanen sin samfunnsdel blei vedtatt av formannskapet hausten 2020.

Planprogrammet gjer greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen, plantema og opplegget for medverknad.

Frå september 2020 til mars 2021 har vi hatt felles medverknadsprosess med kommunedelplan for oppvekst og kommunedelplan for helse og omsorg. Vi har hatt samtalar med innbyggjarar, næringsliv, råd, politikarar, barn og unge og tilsette i kommunen.

Medverknadsprosessen er samla i sju rapportar:

1. Melding frå folket
2. Nærsenterstudie
3. Samtalar med råda
4. Tenketank med næringslivet
5. Mitt Alver
6. Digital samfunnsdialog
7. Melding frå administrasjonen

Etter medverknadsprosessen med ulike aktørar i samfunnet, blei det våren 2021 gjennomført politiske arbeidsmøte med ulike utval og kommunestyret. Kunnskapsgrunnlaget, innspel frå alle medverknadsprosessane er samla i ei hovudanalyse. Denne analysen har vore grunnlaget for framlegget til høyringsutkast med hovudmål og delmål.

Høyringsperiode

Høyring av planframlegg skal etter plan- og bygningslova § 11-14 vere minst 6 veker. Kommuneplanen er ein viktig plan for samfunnsutviklinga i Alver og kommunen bør derfor vurdere å utvide høyringsperioden, slik at flest mogleg kan kome med innspel. Det blir lagt opp til ei aktiv høyringsperiode der kommunen inviterer seg inn på etablerte arenaer for å presentere mål og ambisjonar for Alver-samfunnet. Etter høyringsperioden blir det handsaming av merknader med mål om endeleg vedtak i kommunestyret i desember.

Rammer for arbeidet

Kommuneplanen sin samfunnsdel byggjer på FN sine berekraftsmål. Berekraftsmåla ser miljømessig, økonomisk og sosial utvikling i samheng. Det gjer denne samfunnsdelen også. Vi må tenke heilskapleg når vi skal løyse dagens og framtidens utfordringar, og slik har vi tenkt når vi har laga hovudmål og delmål i samfunnsdelen.

Andre viktige føringar for kommuneplanen sin samfunnsdel:

- Lovar og forskrifter
- Nasjonale forventningar til regional- og kommunal planlegging
- Nasjonale planretningslinjer
- Regionale planar
- Intensjonsavtalen for ny kommune (vedtatt i 2016)
- Strategi- og styringsdokumentet for samfunnsutvikling (Vedtatt i 2019)
- Scenarioanalyse Nordhordland
- Planprogrammet til samfunnsdelen
- Utfordringsnotatet (grunnlag for planstrategi)

- Folkehelsedokumentet
- Kommunedelplanar og temaplanar

Oppbygging av samfunnsdelen

Samfunnsdelen startar med eit forord frå ordførar. I kapittel 2 kan du lese om premissane for samfunnsdelen og langsiktig samfunnsplanlegging, og i kapittel 3 kan du lese om innspel vi har fått til arbeidet med planen og diskusjonar vi har hatt med politikarane undervegs i prosessen. Beskriving av utviklingstrekk og kommunen sine fortrinn og utfordringar er presentert i starten av kapittel 4 og 5. Desse to kapitla er også knytt til dei to hovudtema i samfunnsdelen: Gode kvardagsliv og innovativt og berekraftig næringsliv. Her blir måla og delmåla presentert, med ein forklaring på kva vi ønskjer å oppnå med måla.

I kapittel 6 viser vi til sentrale prinsipp for arealbruk vi ønskjer å leggje til grunn for det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Prinsippa skal bidra til at arealdelen følgjer opp dei måla som ligg i samfunnsdelen.

2. Vurdering

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar for kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon. Med bakgrunn i utfordringane skal samfunnsdelen peike ut mål og ein retning som møter desse utfordringane. I arbeidet med samfunnsdelen i Alver er det laga eit grundig kunnskapsgrunnlag og analyser som beskriv både fortrinn, ulemper, moglegheiter og trugslar. Dette grunnlaget viser mellom anna at Alver har mange fortrinn vi må byggje vidare på. Til dømes har kommunen ein ung befolkning, eit region- og kommunesenter i utvikling, definerte lokal- og nærsenter, nærleik til Bergen, aktive lokalsamfunn, sterk industrinæring og industrikompetanse og mange frivillige lag og organisasjonar. Dette er fortrinn vi skal ta vare på og dra nytte av i vidareutviklinga av Alver-samfunnet.

Nokre av hovudutfordringane i åra framover er mellom anna knytt til lågare folketalsvekst, aldrande befolkning, fleire levekårsutfordringar, handelslekkasje, arbeidsplasspendling ut av kommunen, einssidig næringsliv og store avstandar mellom kor folk bur og tenester dei treng i kvardagen.

Hovudmål og delmål

For å svare på dei utfordringane som Alver-samfunnet og kommuneorganisasjonen har i åra framover, er det valt å byggje opp samfunnsdelen rundt to hovudmål:

- Hovudmål 1: Innbyggjarane i Alver lever gode kvardagsliv
- Hovudmål 2: Næringslivet i Alver er innovativt og berekraftig

Hovudmåla tar utgangspunkt i det mest sentrale for dei alle fleste innbyggjarar i Alver kommune, nemleg det å leve og bu, og det å jobbe og drive næring. Til kvart hovudmål er det laga delmål som kvar for seg skal bygge opp under hovudmåla med innhald og meining. Det er også laga beskriving på kva kommunen ønskjer å oppnå med kvart av delmåla. I sum skal hovudmåla og delmåla bidra til at vi løyser det som er kommunen sine hovudutfordringar. Totalt inneheld samfunnsdelen 26 delmål, 18 delmål er knytt til gode kvardagsliv, og 8 delmål er knytt til innovativt og berekraftig næringsliv. Detaljert oversikt over delmål og beskrivingar ligg i vedlagt høyringsframlegg.

Effekt mål og perspektiv

Måla i samfunnsdelen er formulert som effekt mål, det vil seie at dei beskriv kva tilstand vi ønskjer å ha i 2040. Perspektivet vårt er «kor skal vi vere i 2040?». Måla er overordna og dei skal nyttast som mål vidare i andre planar i kommunen, til dømes kommunedelplan for oppvekst og kommunedelplan for helse og omsorg.

Måla i samfunnsdelen har ulike perspektiv. Fleire av måla er formulert ut frå eit innbyggjarsperspektiv, og beskriv ambisjonane for korleis innbyggjarane skal ha det i framtida. Andre mål er formulert ut frå eit samfunnsperspektiv, som beskriv ambisjonane for kva samfunnsutvikling vi skal ha. Til dømes er fleire av måla innan klima og miljø formulert i eit samfunnsperspektiv. I tillegg er det laga delmål som beskriv kva ambisjonar vi skal ha for kommunen som organisasjon.

Det er ikkje valt å legge inn strategiar i framlegget til samfunnsdel. Planen er at dette blir lagt inn i underliggende planar som kommunedelplanar, temaplanar og handlingsplanar.

Prinsipp for arealbruk

Målretta samfunnsutvikling handlar mykje om korleis vi utviklar dei fysiske areala i kommunen. I det siste kapittel i høyringsutkastet er det lagt inn prinsipp for korleis vi ønskjer å utvikle areala våre. Desse prinsippa skal vere eit bindeledd mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og kommuneplanen sin arealdel. Fleire av delmåla i planen har ein konsekvens for korleis vi skal utvikle areala.

Prinsipp for arealbruk er ikkje juridisk bindande, men skal vere styrande og gje rammer for det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Arbeidet med arealdelen startar hausten 2021.

Tema det er knytt prinsipp til:

- **Samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging:**
 - bustadutvikling,
 - næringsutvikling
 - offentlege tenester/tilbod

- **Senterstruktur:**
 - tredeling av senterstruktur
 - Regionsenter/kommunesenter
 - lokalsenter
 - nærsenter
 - kvalitetar i sentera
 - kompakt senterutvikling

- **Klimavennlege transportløyningar:**
 - gange og sykkel,
 - kollektivknutepunkt og hovudaksar for kollektivtransport,
 - ladestasjonar for nullutsleppstransport

Senterstruktur

I intensjonsavtalen til Alver kommune frå 2016, blei det definert ein senterstruktur med Knarvik som region- og kommunesenter, og Manger, Frekhaug, Lindås, Ostereidet, Vikebø og Bøvågen som lokal- og nærsenter. Våren 2021 vart arbeidet med mogleighetsstudien for lokal- og nærsenter i Alver avslutta. Studien ga ei fagleg tilråding om at Alver kommune bør ha ein tydelegare funksjonsdeling og tredeling på senterstrukturen (i tråd med føring i regional plan for attraktive senter) for dei sju sentera som er definert i intensjonsavtalen til Alver kommune:

- Kommune- og regionsenter: Knarvik
- Lokalsenter: Manger, Frekhaug, Lindås og Ostereidet
- Nærsenter: Vikebø og Bøvågen

Med ei slik tredeling av senterstrukturen, er det behov for å ta ei ny vurdering av talet på nærsenter i kommunen. Det er anbefalt at denne vurderinga blir gjennomført i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Til slutt i framlegget til samfunnsdel er det lagt inn konkrete oppfølgingsoppgåver til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Tilråding

Rådmannen rår til at framlegget til samfunnsdel blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, og rår til å gjennomføre ein høyringsperiode på sju veker.

Vedlegg i saken:

26.08.2021 Rapport 1_Melding frå folket_Innspel til

1602008

26.08.2021	<p>samfunnsdelen_11-03-21</p> <p>Rapport 2_Nærsenterrapport_Innspel til samfunnsdelen_11-03-21</p>	1602009
26.08.2021	<p>Rapport 3_Samtale med råda_Innspel til samfunnsdelen_11-03-21</p>	1602010
26.08.2021	<p>Rapport 4_Mitt Alver_Innspel til samfunnsdelen_11-03-21</p>	1602011
26.08.2021	<p>Rapport 5_Digital samfunnsdialog_Innspel til samfunnsdelen_11-03-21</p>	1602012
26.08.2021	<p>Rapport 6_Melding frå administrasjonen_Innspel til samfunnsdelen_11-03-21</p>	1602013
26.08.2021	<p>Rapport 7_Tenketank med næringslivet_21</p>	1602014
26.08.2021	<p>Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel Alver kommune</p>	1602015
26.08.2021	<p>Høyringsutkast - Alver kommune, kommuneplanen sin samfunnsdel 2021 - 2033</p>	1602016